



NYHENDE NR. 2 – JULI 2015

UNDERVEGSRAPPORT

Kommunar i heile landet, også i Møre og Romsdal, har det siste året hatt til dels arbeidskrevjande prosessar på gong kva gjeld kommunereforma. Frå Stortinget gjorde vedtak 18. juni 2014 om at ei kommunereform skulle gjennomførast - har kommunane fatta vedtak om ei plan for arbeidet fram til 1. juli 2016 - og i stor grad følgt opp sine milepælsplanar. Fylkesmannen ynskjer å gje ros til kommunane for godt arbeid så langt.

Fylkesmannen har bede kommunane og regionråda om ein tilstandsrapport innan 1. juli 2015, på bakgrunn av tildeling av skjønnsmidlar til kommunane og regionråda som skulle nyttast i arbeidet med kommunereforma.

Kommunane fekk difor tilsendt ein Questback –spørjeundersøking frå Fylkesmannen der dei skulle svara på sentrale spørsmål kring arbeidet sitt med kommunereforma. Det er ordførar, rådmann og kontaktperson som har hatt ansvar for å svara på spørsmåla frå Fylkesmannen. Svara frå kommunane er ei god «**temperaturmåling**» på arbeidet med kommunereforma så langt i vårt fylke. Med nokre unnatak viser undersøkinga at kommunane er i rute med jobben dei er bedne av Stortinget om å gjere fram mot neste sommar.

Regionråda fekk i oppdrag å gje ein kort rapport om arbeidet sitt i regionen. Rapportane frå regionråda gjev eit godt bilete om arbeidet i den einskilde region.

Questbackundersøkinga frå kommunane og rapportane frå regionråda er samla og summert opp i rapporten det er vist til i link nedafor.

<http://fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kommunal-styring/Kommunereformen/>

SPESIALGRUPPE

Fylkesmannen har sett av ei spesialgruppe på 5 juristar som til ei kvar tid skal kunne svara på spørsmål og rettleie kommunane i juridiske spørsmål når kommunane skal til med konkrete forhandlingar om å lage ei ny kommune.

KVA HENDER FRAMOVER

Fylkesmannen vil minne om **Kontaktpersonsamling 30. sept. 2015**. Samlinga vert i Molde, Scandic Seilet hotell.

Programmet blir utsendt i slutten av august med link til påmelding.

FYLKESMANNEN HAR ORDET

Fylkesmannen er klar på at kommunestrukturen i Møre og Romsdal i dag ikkje tilfredstillar måla i kommunereforma. Det vert viktig at kommunane no legg til grunn fakta om kommunen sin ståstad i dag, og det dei har av kunnskap om analyser og trendar i samfunnet frametter dei neste 30 til 50 åra. Ut i frå hovudmåla og kunnskap vi har vil det vere viktig å bygge nye kommunar rundt naturlege bo- og arbeidsmarknader, der ein kan fremje vekst og utvikling på alle samfunnsområde.

Fylkesmannen vil gjere merksam på at alle utgreiingar må vere på plass innan 31. des. 2015, da fase 2, utgreiingsfasen, sluttar og fase 3 tek til i det nye året – som er vedtaksfasen.

Nytt kommunestyre har knapt 9 månader på seg til prosessar som skal gjennomførast før vedtak innan 1. juli 2015. Fylkesmannen oppmodar difor kommunane til å intensivere arbeidet med nabopratar. Erfaringar frå andre seier at slike nabopratar/- møter må haldast ofte skal ein få på plass gode intensjonsavtalar – nokon hevdar minst 1 møte i veka i intensiv fase.

Fortsatt god sommar!

